

**FORVALTNINGSPLAN
FOR
GRÅGÅS
FOR
RISØR KOMMUNE
OG GJERSTAD KOMMUNE
2025 - 2028**



Vedtatt i Gjerstad kommunestyre sak 25/xxxx, dat. Xx.xx.2025

Vedtatt i Risør kommunestyre sak 25/xxxx, dat xx.xx.2025

INNHALDSLISTE

Innhald

1. FORORD	4
2. BAKGRUNN	5
3. LOVERK OG FORVALTNINGSRAMMER	5
Internasjonale rammer	5
Nasjonale rammer	5
4. MÅLET MED FORVALTNINGSPLANEN	6
Forvaltningsmål for Risør og Gjerstad	7
5. LITT OM GÅSA	7
Kva kjenneteiknar gåsa	8
6. KONFLIKTOMRÅDER – ØKONOMISKE KONSEKVENSAER	8
Konsekvens av grågåsbeiting – økonomisk tap	9
Andre konflikter	11
7. FØREBYGGJANDE TILTAK	11
Jaging	11
Gjerder mot sjø og vatn	12
Nye grasfrøblandingar i enga	12
Eggsanking og eggpunktering	12
Friområde	12
Økonomiske verkemiddel	13
8. SKADEREDUSERANDE TILTAK - SKADEFELLING	13
9. JAKT	14
Jaktopplæring	14
Jakt og grunneigarorganisering	14
10. GRÅGÅSA ER EIN MATRESSURS	15
11. ANDRE TILTAK	16
12. OPPFYLGING -TILTAKSPLAN	16
REFERANSER	18
VEDLEGG	19
Konfliktområda	19
Forslag til forskrift om utvida jakttid på grågås frå og med 21. juli 2025 til og med 30 juni 2030 for kommunane Risør og Gjerstad, Agder	30

1. FORORD

Grågåsbestanden er aukande i området vårt.

Auka grågåsbestand fører både til redusert avling ved at gåsa beiter og trør ned gras, og det vert store mengder avføring i det hausta graset som gjev dårleg førkvalitet.

Etter at ein såg grågåsa fyrste gongen er det registrert fleire områder der gåsa held. Det er søkt om løyve til skadefelling både i Risør kommune og i Gjerstad kommune dei siste åra. Dei områda der grågåsa held seg mest er omtala i planen.

Grågåsa er eit jaktbart vilt og ein ynskjer primært å forvalta grågåsa gjennom ordinær jakt. Føremålet med planen er å få framskynda jakta til jaktstart 21. juli i staden for 10. august. Dette fordi gåsa ikkje lenger er i områda våre i august under ordinær jakt. og ein ynskjer å regulera bestanden ved ordinær jakt.

I 2022 starta ein samtalar med jord- og husdyrprodusentar, som over fleire år har fått skader, om å få til ein lokal forvaltningsplan med tanke på å få forskrift om framskynda jakt. Arbeidet stoppa opp, men i 2024 starta ein opp att.

Grunneigarar, aktive jord- og husdyrprodusentar, jeger og fiskeforeiningane samt viltlaga har vore inviterte med i planarbeidet.

Forvaltningsplanen har tatt utgangspunkt i rettleiaren «Forvaltningsplaner for gås» utarbeida av Norges Bondelags gåseprosjekt ved Ove Martin Gundersen. Gundersen har òg rettleia oss i arbeidet med planen.

I tillegg har ein lese mange forvaltningsplanar frå mange stader i landet for både å få eit inntrykk av omfanget av gås samt kva tiltak som er mest relevante.

Det er ikkje kartlagt kor stor bestanden av grågås er i kommunane våre utover at bonden/grunneigaren ser stadig fleire fuglar på jordene, men kartlegging ynskjer ein skal vera eit tiltak i handlingsdelen av planen.

Dette er den fyrste forvaltningsplanen for grågås i Risør og Gjerstad og vil derfor ha rom for forbetring.

Risør og Gjerstad xx.xx.2025

2. BAKGRUNN

Grågåsa gjorde seg gjeldande i vårt område etter 2010. Dei fyrste observasjonane ein gjorde i våre kommunar som gjorde skade var om lag 2015. Etter dette er grågåsa observert mange stader i kommunane, det er òg fleire stader registrert hekking.

Det er ikkje gjennomført systematisk kartlegging av bestanden i kommunane, men ein har fått så mange tilbakemeldingar om observasjonar av store flokkar at ein heilt klart kan konstatere at bestanden er i vekst.

Grågåsa har preferanse på nye gode grasvekstar. Då vert det, kvart år, konflikt med jordbruket fordi gåsebeiting fører til både redusert avling, tilgrisa fôr med gåssemøkk som gjev dåleg gjæring av gras under lagring og derav dårleg kvalitet på fôret, i tillegg kjem redusert levetid på enga. Dette inneber ein stor kostnad for bonden i form av tapt avling på den eine sida og kjøp av fôr på den andre sida.

Grågåsa er eit jaktbart vilt og ein ynskjer å regulere bestanden gjennom ordinær jakt. Jakta startar 10 august, jf. «*Forskrift om jakt- og fangstider samt sanking av egg og dun for jaktseongene fra og med 1. april 2022 til og med 31. mars 2028*», men dette er for sein jaktstart i våre områder. Dei siste åra har ein enkelte stader skote ei grågås under ordinær jakt før flokken trekkjer sørover for vinteren. Då klarar ein ikkje forvalta bestanden godt nok og derfor ynskjer ein å framskunda jakta.

3. LOWVERK OG FORVALTNINGSRAMMER

Internasjonale rammer

Grågåsa oppheld seg ikkje berre i Norge. Ei berekraftig forvaltning må derfor skje på tvers av landegrensene der grågåsa hekkar og overvintrar. Norge er del av ei rekkje internasjonale avtalar og konvensjonar (Ramsar-, Bonn-, Bern- og Biodiversitets-konvensjonen) med forpliktingar som ein må ta omsyn til i nasjonal, regional og lokal forvaltning.

Nasjonale rammer

Forvaltning av gås er delt mellom nasjonalt nivå (tidlegare Miljødirektoratet, flytta til Landbruksdirektoratet i 2025), regionalt nivå (Fylkeskommunen/Statsforvaltaren) og på lokalt nivå (kommunen).

Fleire lover, forskrifter og føringar skal sikra ei berekraftig forvaltning og bestand av grågåsa.

I 1996 utarbeida Miljødirektoratet ein handlingsplan for gås som seinare er evaluert.

Hovudmålsetting i handlingsplanen for grågåsa er:

- Arten skal bevarast som ein viktig og haustingsverdig del av kystfaunaen. Bestanden skal stabiliserast, eventuelt reduserast i områder der den gjer skade dersom ein ikkje kan førebyggja skade på anna måte. Eit vist skadeomfang må ei rekna med.
- Uttak av gås skal primært skje der flokkar gjer skade, men ikkje i eit omfang som skadar bestanden.
- Grågåsa må få tilgang til friområder/alternative områder der den kan få beita i fred for å redusere skaden på jordbruksarealet.

Både handlingsplanen og evalueringa skjedde før grågåsa gjorde storinnrykk i våre områder.

I Norge er bestanden no estimert til om lag 130 000, men den er aukande. Jaktretten og retten til å samla dun og egg er det grunneigar som har, men for å få ei effektiv jakt på grågås må det til eit omfattande samarbeid mellom grunneigarane og jegerane. Dette kjem ein tilbake til seinare i planen.

Naturmangfoldloven er den overordna lova for all natur i Norge. Alle vedtak som er knytta til, eller påverkar, natur skal ta omsyn til denne, alle vedtak skal byggja på kunnskap. Dette betyr at ein skal ta omsyn til både arten og leveområdet deira.

I Norge er viltlova med forskrifter det juridiske grunnlaget for forvaltning av gås. Det er grunneigar som har retten til jakta.

I «*Forskrift om jakt- og fangstider samt sanking av egg og dun for jaktseasonene fra og med 1. april 2022 til og med 31. mars 2028*» (seinare kalla jakttidsforskrifta) heiter det at ordinær jakt på grågås i vårt område opnar 10. august og varer til 23. desember. I tillegg er det etter viltlova § 32 fri jakt på hav og fjord frå svenskegrensa til og med Agder frå 10. september til 23. desember.

Statsforvaltaren kan etter jakttidsforskrifta fastsetja lokal forskrift om framskunda jakt på grågås med inn til 20 dagar før ordinær jakt, dersom det føreligg ein godkjent lokal forvaltningsplan. Jakta er avgrensa til deler av døgnet – anten på morgonen og/eller ettermiddag/kveld. I tillegg gjeld det at for dei fyrste fem døgn kan jakta berre skje på fykande fugl over jordbruksareal i aktiv drift.

«Forskrift om skadefelling, dødt vilt og bruk av vilt i oppdrett, forskning og dyrepark (viltforskrifta)» gjev kommunen høve til, etter søknad frå grunneigar, å tildela fellingsløyve på vilt som gjer skade (skadefelling). Det er ein føresetnad at skaden er av eit så stort omfang at det fører til vesentlege kostnader/økonomisk tap. Det er vidare ein føresetnad at det er gjort andre tiltak for å redusera skaden fyrst.

4. MÅLET MED FORVALTNINGSPLANEN

Målet med planen er å setja fokus på at grågåsbestanden er aukande i vårt område og at dette medfører skade på jordbruksareal, og kva tiltak ein kan setja i verk for å redusera skaden samstundes som grågås er sikra eit levedyktig bestandnivå.

Som nemnt er det internasjonale avtalar for å få ei berekraftig forvaltning av grågås. Ein må òg sjå på forvaltning på tvers av kommunegrenser og fylkesgrenser.

Risør grenser til Telemark og Kragerø i aust og Tvedestrand i vest. Ein er kjent med at Telemark har forvaltningsplan i tillegg til lokal forvaltningsplan for Kragerø og Bamble der begge har dette forvaltningsmålet:

«Bestanden av grågås bør tilpasses og stabiliseres til et nivå hvor beiteskader på innmark, sanitære problemer, tilgrising av badeplasser/friluftsområder er lavest mulig, samtidig som bestanden fortsatt skal være en viktig og høstverdi del av kystfaunaen.»

Det er felles forskrift for fleire kommunar i Telemark og Vestfold der jakta opnar 21. juli, med vilkår om at jakta skjer på fykande fugl over aktivt drev jordbruksareal dei fem fyrste dagane. Jakta kan skje innanfor tidsromma kl. 04.00 til 10.00 og kl. 20.00 til 22.00.

I Agder er det ikkje ein felles plan for gås på fylkesnivå slik Telemark har. Me er kjent med at i Agder har Arendal, Grimstad og Farsund lokal forvaltningsplan for grågås og forskrift om tidlegare jaktstart til 21. juli. Forskrifta gjeld i perioden 1. april 2022 til 23.mars 2028. Arendal

og Grimstad har forvaltningsmålet tilsvarande ordlyden som i planen for Telemark/Kragerø/Bamble som sitert ovanfor. I dei fem fyrste dagane er det berre lov med jakt på fykande fugl over aktivt drevne jorder mellom kl. 04.00 og kl. 10.00.

I Risør og Gjerstad er bestanden aukande, og særleg tydeleg har den vore dei siste 10 åra då det er rapportert om store flokkar som gjer skade på jordbruksareal. Likevel var det fyrst i 2021 at det i Risør vart gitt skadefellingsløyve.

Risør kommune er delt av tre fjordar og det er mykje jordbruksareal som ligg ned til sjøen der gåsa har lett tilgang anten den kjem fykande eller symjande. Grågåsa kom fyrst til Risør og Gjerneslandet, men har no òg trekt innover i landet til Gjerstad. I Gjerstad er det særleg sør i Gjerstadvatnet ved jordbruksareal ved Tveit og Sunde gåsa held seg.

Forvaltningsmål for Risør og Gjerstad

Basert på nasjonal handlingsplan for gås samt tilsvarande planer for områda kring oss vert vårt forvaltningsmål slik:

Grågåsbestanden må forvaltast slik at det vert ein berekraftig bestand.

Grågåsa skal vera ein naturleg del av faunaen, men tilpassast eit nivå som ikkje går ut over andre artar (biologisk mangfald)

Grågåsbestanden må stabiliserast på eit nivå slik at omfattande skade på jordbruksareal (beiteskader og tilgrising) samt tilgrising av friluftsområder vert redusert til eit akseptabelt nivå.

Grågåsa skal primært forvaltast gjennom ordinær jakt.

Kommunane skal delta i Agder samarbeidsforum for grågås og arbeida for at dei andre kommunane i fylket også deltar saman med aktuelle interesseorganisasjonar.

5. LITT OM GÅSA

I Norge hekkar det åtte ulike gåseartar:

- Grågås
- Kortnebbgås
- Sædgås
- Stripegås
- Dverggås
- Hvitkinngås
- Kanadagås
- Ringgås

I Norge er det grågås, kortnebbgås og kanadagås som er jaktbare innanfor definerte jaktseongar. Dei siste tiåra har bestanden av grågås og kortnebbgås auka betydeleg. Hvitkinngåsa er freda sjølv om det er ein auke i bestanden av denne òg. Ein kan gje løyve for skadefelling på alle desse fire gåseslaga.

Klimaendringane fører til mildare vintrar og mindre snø noko som resulterer i meir mat/tidlegare mat om våren og på hekkeplassane for gåsa. Mange kallar derfor gåsa for ein klimavinnar sidan vintrane vert kortare og mildare og gåsa dermed får meir tilgang på mat til å fø fram fleire ungar.

Kva kjenneteiknar gåsa

Grågåsa høyrer til andefamilien. Den kan bli opp til 84 cm med eit vengespenn på 150 – 168 cm og veg 3 – 4 kg. Grågåsa kan bli over tjue år gammal, den er vegetarianar og kosten består av det som veks på land, i våtmarker og på grunnane i fjord og vatn så langt ned som gåsa rekk med halsen. Dei kan ta godt for seg både av eng, åkervekster og ålegrass. Ei enkelt gås kan eta opp til 1 kg gras pr dag og vil eta enno meir om den vert mykje jaga (treng meir energi).

Ho og hannfuglen har lik fjørdrakt, men hannen er litt større en hoa. Fuglane skiftar ikkje fjørdrakt på våren og hausten slik mange andre dyr gjer, men dei har ein periode der dei skifter fjør (myter) på våren/forsommaren og då kan dei ikkje fyka. Dette skjer på same tid som dei har kyllingar.

Eit gåsepar held saman heile livet og dei finn som regel sin faste partner i 3 - 4 års alderen, sjølv om dei kan leggja egg frå 2 års alder. Det er hoa som ruger medan hannen held vakt. Hoa legg seg på egg i mars/april. Kvart par legg fire til seks egg og dei byggjer reira sine på bakken.

Når egga klekker og fuglane myter – altså ikkje er fykedyktige – er det livsviktig at reira deira er i nærleiken av vatn for då er fuglane betre beskytta mot rovdyr. Hoa kan samla kyllingane på ryggen sin, lagar «vegg og tak» med vengen og senker seg ned i vatnet dersom ho anar fare på ferde. Då må fjørene tømmast for luft noko forskarane enno ikkje har forstått korleis fuglen klarer.

Om lag ein og ein halv månad etter klekking er ungane flygedyktige og dei vaksne fuglane ferdige med mytinga.

6. KONFLIKTOMRÅDER – ØKONOMISKE KONSEKVEN SAR

Det er ikkje gjennomført organisert kartlegging av grågås i våre område utover det enkelte grunneigarar og bønder melder om. Desse til meldingane tyder på at det i Risør kommune er gås heilt frå grensa til Kragerø i aust til grensa til Tvedestrand i vest. Vedlegg 1 syner dei områdene der grågåsa er observert over tid og i aukande grad. Det er særleg dei sjønære jordene som er ettertrakta av gåsa, men den fyk både til Søndeledgårdane, til Vormlimyra og til Saltrømyrene (Gloppe). I 2025 vart grågåsa oppservert alt 7 januar av Harald Sveen. Frå månadsskifte februar/mars kjem den til mange av områdene.

Både på Tangen (nord i Gjerstadvatnet) og på Prestegården er nye områder som grågåsa har slått seg ned i vekstsesongen 2025. På Eikeland har fuglen sommaren 2025 slått seg til ro i lengre tid enn tidlegare og det er fleire individ enn før.

Ved Lista fuglestasjon har dei registrert at det er endring i både vårtrekket og hausttrekket til grågåsa – den kjem tidlegare og den reiser tidlegare. På nettsidene deira finn ein informasjon om at det er gjort observasjonar som gjer til at ein kan konkludera med at grågåsa reiser om lag 18 dagar tidlegare enn den gjorde på 1990-tallet på sine nettsider. Mediodato for hausttrekket i 2021 var 6. august. Jakta opnar 10. august, jmf. Forskrift om

jakttid m.m. Dette stadfester det alle bøndene og jegerane seier; grågåsa har stort sett forlat området når ordinær jakt opnar. Då vert det vanskeleg å forvalta arten gjennom ordinær jakt.

I 2018-2019, 2019-2020 og 2023-2024 vart det felt 30 grågås kvart år, jf SSB tab 07514 felte småvilt, etter region, småvilt, statistikkvariabel og intervall (år). Med tanke på løyver til skadefelling som er gitt er det litt usikkert kva som faktisk er skote.

Arnold Håland, NNI, sa i eit foredrag at ein tommelfingerregel er at dersom det er 30 hekkande par – altså 60 voksen fuglar – kan ein rekna med at det er like mange ungfuglar. Hekkande fuglar er stadfaste medan ungfuglane flyk/flyttar i flokk frå stad til stad. Utfordringa er å veta sikkert om det er vaksne fuglar som hekkar ein ser på jordet eller om det er ungfugl når ein ikkje veit om gåsa har lagt seg til å ruga.

Han synte òg til forskning som syner at grågåsa er ei klok gås som vel seg gode stader – hotspots – som den vender tilbake til. Den er heller ikkje så lettskremt og vender snart attende til gode beiter etter jaging/skremming. Då kan det vera slik at nokre stader er ein svært plaga med gåsa og andre stader ikkje. Derfor er det viktig å finna dei rette tiltaka for å redusera omfanget av problema for, som nemnt, ei viss mengde gås skal det vera.

Vidare sa han at bestandauken truleg vil avta og stabilisera seg på eit nivå der fuglande tilpassar seg hekkemoglegheiter og mattilgang.


Gåsa er som nemnt planteetar og føretrekk mat med

- høgt proteininnhald
- høgoppløyslege karbohydrat
- er lett fordøyeleg
- høgt vassinnhald
- lavt fiberinnhald

Dette har landbruksprodukta eng, korn og grønsaker. Derfor vert konfliktane med landbruket store grunna avlingstap, tråkkskader, tilgrisa før og redusert levetid på grasenga. Det er fleire områder i kommunen, sjå nedanfor, der fyrste slåttan ikkje kan nyttast anten fordi det ikkje er avling igjen, eller i alle fall svært lite, og fordi det som er att er så tilgrisa med gåseskitt at det ikkje kan nyttast som før til husdyra.

[Konsekvens av grågåsbeiting – økonomisk tap](#)

Tangen i Gjerstad var eit av dei nye områda grågåsa fann vegen til sommaren 2025. Dette jordet ligg som ein tange heilt nord i Gjerstadvatnet.



Rolf Ola Kals har sendt oss desse bileta som er tatt 31. juli – eit gjødsla jorde tre veker etter fyrste slåttten og altså når andre slåttten står for tur.



Den delen av jordet som er lengst vekk frå husa og ut mot vatnet, er beita heilt ned til plennivå



Dette er same på jordet som på bilete ovanfor, men nærmare huset.

Ei grågås et 1 kg gras pr dag. Dersom det er 100 fugl i ei veke vert det 700 kg som er det same som vekta på ein rundball.

Gåseskitten klistrar seg til graset, det blir då med graset inn i pressa og fører til både forureina fôr og til feil gjæringsprosess under lagring. Særleg mjølkebønder er skeptiske til å fora kyrne med dette med tanke på kva utslag det har på mjølka.

Sidan grågåsa likar ferske nye spirer er det grasmark i god hevd den likar best. Dette er areal som er gjødsla og stelt, noko som kostar både pengar og arbeidstid

Andre konflikhtar

Utover konflikt med landbruket vil det òg vera andre dyr og fuglar som vert fortrengte i tillegg til at det kan gå utover viktige naturtypar som slåttemark og beitemark fordi gåsa startar beitinga tidleg og beiter hardt.

I skjergarden er det mange områder som er Statleg sikra friluftsområde. Her ser ein òg ei stor auke i gåsetallet. Det er både ungfugl, vaksen fugl som hekkar og mykje ekskrement i dei tilrettelagte badeplassane. Det har vore gjennomført jakt på mink i skjergarden sidan dette er ei framand art som ikkje er ynskja i vår fauna. Nedgang i denne bestanden gjer nok til at fleire grågåsegg vert klekte.

7. FØREBYGGJANDE TILTAK

I 2005 vart det utgitt ein evaluering av forvaltningsplanar for gås i Norge. Evalueringa vart utført av Planteforsk og NINA med Lars Henrik Kristiansen som prosjektledar. I denne rapporten er det i kapittel 7 gjort ei oppsummering av dei ulike tiltaka og effekten av dei for kortnebbgås, grågås, hvitkinngås og kanadagås.

I samband med Norges Bondelag sitt gåseprosjekt er det utarbeida ein rettleiar for kva tiltak ein kan gjera for å redusera skader gåsa gjer.

Våre forslag til tiltak byggjer på evalueringa nemnt ovanfor i tillegg til rettleiaren til Norges Bondelag.

Jaging

Jaging kan utførast på fleire måtar:

- Manuelt
- Laser – søkja viltfondet i kommune og på fylkesnivå
- Droner

For å få effekt må ein variera ofte, både i kva område ein jagar og korleis ein jagar. Gåsa er slett ikkje dum og vil fort tilpasse seg både metode og frekvens. I tillegg syner fleire forsøk at jaginga må vera omfattande for å få effekt. I ei masteroppgåve utført av Gørli Elida Brunn Andersen om «Interaksjon mellom gjess og landbruk i Vestfold; skadefelling eller jaging for å redusere beiteskader?» vart det konkludert med at dersom jaging vert gjennomført systematisk og i stor skala kan det ha effekt. Det vil i så fall være svært arbeidskrevjande. Grågåsa vil og krevja meir mat for å få nok energi når ho stadig må bruka krefter for å ta til vengene.

Gjerder mot sjø og vatn

I den perioden grågåsa har ungar, og samstundes myter, kan ikkje grågåsa fyka. Då vil grågåsa koma symjande frå reira sine. Eit aktuelt tiltak då er å setja opp gjerder langs vasslina eit stykke innpå jordet slik at ein avgrensar beiteskaden på jordbruksarealet. Dei som har erfaring med grågås seier at det er viktig med gode og tette gjerder for grågåsa finn raskt smotthola.

Nye grasfrøblandingar i enga

Det har vore gjort forsøk (Bioforsk, bioforsktema Vol.1 Nr. 15 2006) på om grågåsa har preferansar på kva grasartar den føretrekk. I forsøkte var det strandrøyr, hundegras, engsvingel, raigras og timotei som vart forsøkt. Gåsa likar dei ferske grøne grasskota, og er veldig glad i timotei, men likar seg ikkje i høg eng (raigras).

Eggsanking og eggpunktering

I fylgje «Forskrift om jakt- og fangstider samt sanking av egg og dun» kan grunneigaren sanka egg fram til og med 15. april. Det er vanleg å leggja att to egg i reiret. Dersom det føreligg forvaltningsplan kan Statsforvaltar i særlege høver godkjenna sanking utover 15 april.

Statsforvaltaren kan òg godkjenna eggpunktering.

Det er tilrådd å plukka egg framfor å punktera egg sett ut frå eit moralsk side. Når ein sakar egg let ein eit par liggja att. Tar ein alle egg legg gåsa nye. Utfordringa med å gå etter egg er å finna reiret.

Friområde

Intensiv jaging (og jakting) fører til at gåsa flyttar på seg, for den vil vera i fred. Om fuglen berre flyttar seg over grensa til naboåkeren/enga vil problemet med skade på jordbruksproduksjonen ikkje opphøyr. Derfor er det viktig at gåsa, anten ein jagar eller jaktar, har områder der den får vera i fred – friområde.

I alle planane ein har lese og i ulike kartleggingsprosjekt er både naturreservat og statleg sikra friluftslivsområder brukt som friområde.

I Risør er det fleire naturvernområde langs kysten og på øyene som er og blir nytta som friområde for grågåsa. Det er òg fleire Statleg sikra friluftslivsområder som til dels er dei same områda som naturvernområda, men som er større i utstrekning. Det er observert hekkande fugl i desse områda.

På Vestre Randvik og Store Vardøy er det i Breibukt registrert naturtypen slåttemark. Denne naturtypen kjem som fylgje av sein slått over lang tid (etter blomstring og frøsetting med bakketørking) med eit rikt biologisk mangfald. Her får gåsa vera i fred – i alle fall til turistsesongen startar. Tidleg vårbeiting vil truleg endra dette. Det er òg observert grågås på Risøya på grøntområda og på badestrendene.

I Gjerstad er det ingen naturvernområde knytta til Gjerstadvatnet og det er heller ingen Statleg sikra friluftslivsområder som kan nyttast som friområde for grågåsa. I naturbasen finn

ein at det er registrert naturbeitemark på jordbruksområdet mellom Sunde og Tveit med verdi både middels verdi og noko verdi. Dette er de same områda som grågåsa oppheld seg på. Området vert nytta til beite, og sambeiting kan vera heilt greitt det, men gåsa er vesentleg tidlegare ute enn beitedyra og vil dermed både ta dei tidlege smakfulle vekstane og setja gjenveksten tilbake som fører til redusert avling.

For jordbruksområde utan tilknytning til slike offentlege friluftslivsområder, er det foreslått at ein anten skjøttar gamle jorder, som ikkje er i aktiv jordbruksdrift lenger, eller deler av jorder i aktiv bruk som friområde for gåsa. Der får den vera i fred og då går den ikkje inn på områder der den risikerer å bli jaga eller jakta på. Friområde-jordene må skjøttast som om det skulle vera eit vanleg jorde til hausting. Gror det til, vil ikkje gåsa sjå på det som attraktivt og flytta seg til jordet som ligg like ved.

Områda der grågåsa fører til skade ligg i våre kommunar ganske sprett, så det kan truleg bli slik at mange av dei som har skade må leggja til rette for gåse-friområde. Det er nok lett å få til når grågåsa myter og dermed symjer til jordene enn for dei jordene ho flyg inn til. Dette må drøftast nærare med bønder og grunneigarar og vil vera eit av tiltaka i planperioden.

Økonomiske verkemidler

Det er i dag ingen overordna ordningar for kompensasjon knytta til skadane grågåsa gjer.

Det kan vera aktuelt å søkja tilskot knytta til vilttiltak (Miljødirektoratet sin ordning) for å dekkja utgifter til å for eksempel kartleggja og registrera områder grågåsa held seg i og kvar den hekkar. Ein kan òg så for seg å få dekkja noko av utgiftene til skadeførebygging som gjerder og skremming. Søknaden må sendast via Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter.

Det lokale viltfondet kan vera aktuelt, men for tida er det for lite midlar i fondet.

For aktive jord- og husdyrprodusentar er «Produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket» ei sentral ordningen. Ordninga har på visse vilkår støtte både til areal og til dyr. Ordninga er et driftstilskot, ikkje eigartilskot, noko som inneber at alle som driv jord- og husdyrproduksjon som næring (ikkje hobby) kan søkja.

Jordbruksareal med formål ordinær jordbruksproduksjon (vanleg jordarbeiding og hausting), og som vert beita av grågås eventuelt sett av til friområde for grågåsa kan søkjast på i PT-ordninga. Ein vil altså ikkje tapa driftstilskotet, men får heller ikkje kompensert for avlingstapet. Særleg i myteperioden når kyllingane ikkje kan flyga vil eit gjerde litt innpå jordet mot vatn/sjø ha ein avgrensande effekt slik som det er nemnt under avsnittet om friområde

8. SKADEREDUSERANDE TILTAK - SKADEFELLING

Skadefelling er eit lovleg verkemiddel sjølv om enkelte er i mot denne ordninga. I fylgje Viltforskrifta kan ein i områder med mykje vilt som gjer skade (grågås) få løyve til å skyta viltet (grågås), når ikkje andre tiltak fungerer for å redusera årets skadeomfang. Skaden må vera av økonomiske betydning (redusert avling og/eller behov for innkjøpt fôr). Gåseskitt ved hytter og på badeplassar gjev ikkje rett til å søkja om skadefellingsløyve.

Det er kommunen som gjev skadefellingsløyve etter søknad frå grunneigar og/eller produsent (bonde). Løyvet vert gitt med vilkår om kven som jaktar, kvar ein kan jakta, kor mange gås ein kan ta og innanfor kva tidsrom ein kan jakta.

9. JAKT

Grågåså er ein jaktbar art, og ein vil helst at bestanden skal forvaltast gjennom ordinær jakt. Jakttida for grågås opnar i fylgje «*Forskrift om jakt og fangstider samt sanking av egg og dun for jaktsesongene frå og med 1 april til og med 31. mars 2028*» 10. august og varer til 23. desember. Det er grunneigar som har jaktretten, men ein kan gjera avtale med andre om å utøva jakta.

Utfordringa i vårt område er at grågåså er reist, eller vil i alle fall straks reisa, på trekk når ordinær jakt opnar. I 2024 vart det berre skote eit par gås. Dette syner òg registrering av trekk ved Lista fuglestasjon – grågåså kjem tidlegare og reiser tidlegare.

I § 3 i nemnte forskrift heiter det om delegering av myndigheit:

1. *Følgende myndighet til å fastsette forskrift er delegert til statsforvalteren:*

a. *Fra og med Rana og Rødøy kommuner i Nordland fylke og sørover kan statsforvalteren åpne for jakt på grågås inntil 20 dager før ordinær jaktstart når det foreligger en godkjent lokal forvaltningsplan. I denne perioden fastsetter statsforvalteren jakttiden innenfor et tidsrom fra kl. 24.00 til kl. 10.00 eller fra kl. 16.00 til kl. 22.00. De første fem dagene av 20-dagersperioden skal jakten være begrenset til flyvende fugl over aktivt drevne innmarksarealer.*

Føremålet med den tidlege jakta er å redusera skaden/avlingstapet på jordbruksarealet.

Statsforvaltaren viser til retningslinene frå Miljødirektoratet om at tidleg jakt på grågås primært skal skje i tilknytning til jordbruksareal i aktiv drift då føremålet med jakta er å redusera tapet i jordbruksproduksjonen.

Dei fyrste 5 dagane er det berre på flygande fugl det er opna for jakt på, deretter må jakta gå føre seg på, eller i tilknytning til, jordbruksareal.

I vårt forslag til forskrift er det sett ein maksimal avstand på 50 m frå jordbruksareal for jakta den siste perioden. Det er same ordlyd som forskrifta for Arendal og Grimstad.

Erfarne gåsejegerar seier at grågåså er mest aktiv på morgon og tilrår dette tidsrommet for jakt.

Jaktopplæring

Gåsejakt er ei krevjande jakt. Gåsa ser svært godt og er vår for endringar i beiteområda sine. For å få best mogeleg resultat er det viktig med opplæring slik som for alle andre jaktformer. Norges Jeger og Fiskeforbund (NJFF) har i samarbeid med Norges Bondelag utvikla et gåsejakkurs med utdanna instruktørar til dette kurset. Vår regionale instruktør vil halda kurs for interesserte jegerar i samarbeid med dei lokale foreiningane i Risør og Gjerstad.

NJFF har på sine nettsider 8 tips til gåsejakta. Det er svært viktig at jakta vert utført profesjonelt òg med tanke på at gåsa er ein matressurs.

Jakt og grunneigarorganisering

Retten til jakt og fangst vart med jaktloven av 20. mai 1899 lagt til grunneigaren, og er seinare vidareført. Jaktrett inneber rett til å fella individ av dei artane det er lovleg å jakta på i samsvar med lover og forskrifter der Hjorteviltforskrifta er sentral. Den som har jaktrett har ansvar for å organisera jakta, for å sikra levedyktige bestand.

I Risør og Gjerstad er hjort- og elgjakta organisert gjennom viltlag og jaktlag/grunneigarlag. Eit vald er den minste geografiske og juridiske eininga som kommunen kan gje fellingsløyve til.

Fuglejakt, i alle fall her i området, er ikkje organisert, men som tidlegare nemnt, krev god organisering mellom grunneigarane og jegerane for å få godt resultat. Vår tanke er at viltlaga vil vera sentrale i dette, for dette er ikkje noko kommunen eller jeger og fiskeforeningane kan gjera.

Bergen kommune har i sin forvaltningsplan organisert den utvida jakta slik:

Et eksempel på organisering av jakten i den utvidede jaktperioden, ved åpning av jakt 20 dager før ordinær jakttid:

Dato	Tidspunkt	Sone 1	Sone 2	Sone 3	Sone 4	Sone 5	Sone 6	Merknad/Vilkår
21.juli	Kl.04.00-10.00	X			X		X	Kun <u>flyvende fugl</u> over aktivt drevne innmarks areal, og inntil 30 meter fra slike areal.
24.juli	Kl.04.00-10.00		X	X		X		Kun <u>flyvende fugl</u> over aktivt drevne innmarks areal, og inntil 30 meter fra slike areal.
26.juli	Kl.04.00-10.00	X			X		X	Jakten er begrenset til aktivt drevne innmarks areal og gjødslet beite, og inntil 30 meter fra slike areal.
29.juli	Kl.04.00-10.00		X	X		X		Jakten er begrenset til aktivt drevne innmarks areal og gjødslet beite, og inntil 30 meter fra slike areal.
1.aug	Kl.04.00-10.00	X			X		X	Jakten er begrenset til aktivt drevne innmarks areal og gjødslet beite, og inntil 30 meter fra slike areal.
4.aug	Kl.04.00-10.00		X	X		X		Jakten er begrenset til aktivt drevne innmarks areal og gjødslet beite, og inntil 30 meter fra slike areal.
7.aug	Kl.04.00-10.00	X			X		X	Jakten er begrenset til aktivt drevne innmarks areal og gjødslet beite, og inntil 30 meter fra slike areal.

Tabell med forslag til fordeling av jaktrykk i tidligjakten. Aktiv jakt er fordelt over tid og sted innenfor den enkelte sone, for å gi gjessene perioder med ro slik at en ungår å presse de til å starte høsttrekket. Alt uttak i perioden 21.juli-9.august skal utelukkende være av fugl i tilknytning til innmark. Også etter ordinær jaktstart 10.august anbefales det å legge inn 2-3 jaktfrie dager innenfor den enkelte sone, for å øke sannsynligheten for at gjessene blir lenger i området og dermed gir flere skuddsjanser.

Fangstrapportering

Fordi det er så lite talmateriale for grågåsa er det svært viktig å få oversikt over kor mange og kvar grågåsa vert skoten. Det kan ein gjera på skjema som vert sendt kommunen. I tillegg bør ein på same skjema gje opplysningar og kor mange grågås ein har sett og kvar ein har sett dei slik at ein får eit godt datagrunnlag for forvaltninga.

10. GRÅGÅSA ER EIN MATRESSURS

Bakgrunnen for at arbeidet med forvaltningsplan for grågås starta, var skaden fuglen gjer, og gjorde, på jordbruksareal med dei økonomiske konsekvensane det medfører. Gåsa gjer heilt klart skade i mange jordbruksområde, men den er òg ein matressurs. Det er to kilo rein file på kvar gås.

Det er derfor viktig at jegeren handtera slaktet på ein skikkeleg måte slik at matressursen vert nytta. Med dette som bakgrunn er det laga ei kokeboka «Gås og gourmet» som både er kokebok, men som òg gjev god informasjon om gåsa.

11. ANDRE TILTAK

I nordland og Trøndelag er det eit samarbeidsforum for gås der både forvaltning, interesseorganisasjonar, jegerane samt ressurspersonar frå Norges Bondelag og NINA deltek og samlast 1 – 2 gonger i året. Dette har synt seg å vera ein svært nyttig arena i arbeidet med å forvalta gås. Det har vore eit oppstartsmøte i Agder som Agder Bondelag til initiativ til, og som det var oppslutning om å få til her sør òg. Det er mange spørsmål

12. OPPFYLGING -TILTAKSPLAN

Føremålet med forvaltningsplanen er å setja fokus både på

- Bestanden av grågåsa aukar
- Skaden den gjer
- Tiltak for å redusera skaden
- Tiltak for å redusera bestanden - jakt
- Matressursen

Ein plan kan lett hamna i ei skuff, og for at det ikkje skal skje har me laga ein tiltaksplan som kan rullerast når det vert trong for det, men tidlegast i 2028/2029 fordi gjeldande lovgrunnlaget for lokal forskrift går ut 31. mars 2028.

Tiltak	Ansvar	når
Søkja SF om å få godkjent forskrift om tidlegare jaktstart	Kommunen	2025
Søkja om midlar til å kartleggja områda grågåsa oppheld seg i og å få hjelp til dette arbeidet	Kommunen	2026
Gjennomføra møter med bønder og grunneigarar om etablering og skjøtsel av friområde for grågåsa samt andre førebyggjande tiltak (skremmel)	Kommunen	2025 - 2026
Søkja om midlar til å arrangera jaktkurs særleg med tanke på unge jegerar.	Kommunen og jeger og fiskeforeningane	
Arrangere jaktkurs	Gjerstad jeger og fiskeforening Tryta	
Organisere jakta	Viltlag og jaktlag	
Utarbeide skjema for - Skadefelling	Kommunen	2025

- Rapportskjema for skoten fugl		
Evaluera forvaltningsplanen	Kommunen Viltlaga Bønder	
Delta i samarbeidsforum for grågås	Alle	2025

REFERANSER

Ove Martin Gundersen; Forvaltningsplaner for gås, veileder Norges Bondelag

Finn Erling Ødegård, Ove Martin Gundersen, Ingun Tombre; Hvordan forebygge beiteskader av gjess, veileder Norges Bondelag

Vidar Johan Bentsen, Ove Martin Gundersen; Forvaltningsplan for grågås i Nordland

L Hatten, J Høberg, E N Høberg og R Bjørn, Preferanser for ulike grasarter hos grågjess, Bioforsktema Vol 1 Nr. 15 2006

E N Høberg, L Hatten, J Høberg; Effekt av gåsemøkk i surfør på førkvalitet og smakelighet, Bioforsktema Vol 1 Nr. 13 2006

Gørli Elida Brunn Andersen; «Interaksjon mellom gjess og landbruk i Vestfold; skadefelling eller jaging for å redusere beiteskader?»

Tombre, Bruun Andersen og Gundersen; NINA rapport 1552 Forebygging av beiteskader forårsaket av hekkende gjess i Vestfold

I.M. Tombre m.fl. Gås og Gourmet

Nettsider – Lista fuglestasjon

VEDLEGG

Konfliktområda

Kartutsnittet nedenfor viser dei aktuelle jordbruksområda som bønder har varslet om er utsatte for skade frå beitende gås gjer.


RISØR

Hommen, Gjernes og Granjordet




Første gangen det blei gitt skadefellingsløyve her var i 2021. Då vart det gitt til 10 fuglar. I fylgje søknaden vart det i 2020 registrert 4 hekkande par her. Området ved Hommen og på Gjernes ligg tett på sjø og vatn som gjer det lett for gåsa å flytta seg. Området nedanfor inngår også i dette området. Her går det ein open kanal og området er utsett når det er mykje vatn.

Det er søkt om skadefellingsløyve kvart år sidan 2021.



Hødnebo




Grågåsa beiter på jordene rundt Hødnebøtjenna, den går ofte i lag med sauene på beite. Her er grågåsa observert i mange år, hekkende par er det her òg. I Leivann, som ligg like aust for Hødnebø, er det sett reir.

Røysland




På Røysland er det særleg jordet ned mot Skarvann grågåsa legg beslag på. Frå søknad om skadefelling vert det opplyst at bestanden har auka frå 10 – 15 i 2018 til om lag 40 i 2023. I 2024 blei det registrert 10 kull. Og i området Hommen, Gjernes, Hødnebø og Røysland må det har vore om lag 100 fuglar til saman.

Rotvik



Grunneigar opplyser i tidlegare søknad om skadefelling at det er store avlingstap på disse jordene. Det variera litt gjennom sesongen kor mange grågås som held seg her, men på det meste er det over 40 og det vert stadig fleire grågås.

Øren – Søndeled – Strandjordet - Vormli



Søndeledfjorden går inn til Øren, Søndeled, Strandjordet og Vormeli. På Øren og på Strandjordet ligg jordene heilt ned til sjøen og grågåsa har enkel tilgang til enga. Grågåsa gjorde sin ankomst her for om lag 10 år sidan. Då var det 5 -6 stk. Sommaren 2024 vart det telt rundt 60 stk, men opplevinga er at det har flata litt ut dei par siste åra.


Grågåsa tar til vengene for å koma til jordene på Vormeli og Dukane/Pålsmyr oppe ved Lille Søndeled. På Vormeli beitar rådyr og gås side om side. Dei forsvinn til jakta.

Rød




Jordene her vert nytta av ein bonde med mjølkeproduksjon og har over mange år hatt problem med beiting, trakk og gâseskit. Foret vert så forureina at det ikkje er brukande til mjølkekyrne. Strendene vert òg veldig tilgrisa med skit. Det er opp mot 40 grågâs som held seg her i det siste. Jordet ligg heilt ned til sjøen så det er lett for gâsa å gå opp frå sjøen. Truleg har gâsa reir frå Rød og utover mot Blesvik då eigar av Moen camping ser gâsa koma symjande her i får og over til Moen.

Moen



I 2024 kom grågâsa i februar, den kom og sat på jordene og venta på grøne spirer. Den kjem symjande over fjorden med kyllingane og det er vanleg med 5 – 6 kull med ungfugl i tillegg kan det bli 50 – 60 fugl. I tillegg til å vera på jordene oppheld dei seg mykje på campingområdet. Det er mykje arbeid med å fjerna møkk.

Auslandsbråtane og Haukedal



Her kjem fuglen fykande og det vert telt opp til 100 fuglar. Det ligg vatn både sør vest og nordaust for området.

Hjembu



Det er stor variasjon i kor mange fuglar som oppheld seg her, men dei kjem tidleg og det er vanleg med vaksne med kyllingar og ungfugl i tillegg.

Nautnes



Gåsa kjem i februar/mars. Grunneigar opplyser at her er det i hundrevis.. Det er forsøkt med skremming der alle på stallen har vore med og tatt økte, men det varar berre kort stund. Nesten som at gåsa ligg på sjøen og kjem tilbake når jagarane snur ryggen til. Det mest effektive er bikka, men ho kan heller ikkje jaga heile tida. Det er både ungfulg og vaksne med kyllingar. Enga blir ribba og hestane vil ikkje beite på dei områdene med mest gåseskitt

Sandvika




Her er det som på Hjembu

Skjelsøy




Her er det som på Hjembu

Øya på Barmen



Enkelte individ som fyk inn.


Sandnes



Her er gåsa tidleg og det er fleire vaksne med kyllingar. Deler av jordet er tidvis i bruk som camping og då held gåsa seg naturleg noko vekke.

På Kjerkenes held gåsa seg mykje, det er nesten ikkje avling og mykje skitt. Her er det sandgrunn og det ser ut som gåsa står å ventar på dei små grøne grasspirene som kjem. Dei likar ikkje eng med høgt gras.

Nipe og Gloppe




Fyrste gong grågås vart sett her var rundt 2010 på Engene og det var flokkar på over 100 individ. Det kan verka som bestanden har stabilisert seg litt, ein ser dei fyk ut til skjera.

På Nipe, nedom fjøset, gjekk grågåsa i lag med kalvane og gjorde ikkje noko av dei. Det er store avlingstap og mykje gåseskitt som gjer foret ubrukeleg til mjølkekyrne.

På Saltrømyrene heilt vest i kartutsnittet får gåsa gå veldig i fred slik at fyrste slåttan er veldig redusert. Desse jordene ligg ikkje ned til sjøen så det er fykande fugl som held seg her.

Fieåkeren




Grågåsa kjem frå sjøen. Det er fykande fugla som kjem hit og dei kjem tidleg på året.

Skjergarden

I tillegg er det mykje gås i skjergarden. Maria Sjaavaag Aarbø, Faun Naturforvaltning AS, har jakta mink i skjergarden i Risør. Ho opplyser å ha observert gås i hekketida ved Karrholmane på Fiesida av kommunen samt rundt holmar og skjær ved Skaddene og Flatholmane. Store deler av den ytre skjergarden er Statleg sikra friluftslivsområder.

GJERSTAD

Tveit og Sunde




I Gjerstad er grågåsa registrert på et stort jordbruksområde mellom Sunde og Tveit som ligg sør for Gjerstadvatnet som har vore i bruk som beite for storfe. Grågåsa kjem forhaldsvis tidleg og ein har telt opp mot 200 individ på det meste. På slutten av sesongen i 2024 var der om lag 50 stykker, men dei er vekk når jakta startar. Her er òg oppservert kyllingar, men ein har ikkje sett/funne reira.

Gåsa brydde seg i det stor ikkje om storfeet, men det er oppservert at dyreflokken jaka grågåsa. Når dyreflokken stoppa var grågåsa raskt tilbake. Det var tydeleg at storfeet ikkje ville beita der grågåsa hadde vore.

Det var ein topp for 3 år sidan, før det vart gitt løyve til skadefelling. Dei tre siste åra var det lov med skadefelling i april og det her hjelpt så no ser det ut til at bestanden er redusert.

Eikeland, Midtvann.



Det er òg oppservert hekkande grågås på Midtvann. Sommaren 2025 var det fleire grågås og gås over lengre tid enn tidlegare. Dei var så til stades at det vart vesentleg tap av avling.

Forslag til forskrift om utvida jakttid på grågås frå og med 21. juli 2025 til og med 30 juni 2030 for kommunane Risør og Gjerstad, Agder

Heimel:

Lov 29. mai 1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt (viltloven) og

forskrift av 21. januar 2022 nr 128 om jakt- og fangstider samt sanking av egg og dun for jaktsesongene fram og med 1. april 2022 til og med 31. mars 2028 § 3.

§ 1 Formål

Formålet med utvida jakttid på grågås, er å avgrensa skadane på åker og eng og å redusera trongen for løyver til felling av skadegjerande individ og å regulera bestanden gjennom ordinær jakt.

§ 2

Jakttida for grågås vert utvida med 20 dagar i forkant av ordinær jakttid frå og med 21. juli til og med 9. august.

Dei fyrste 5 dagane, 21. juli til og med 25. juli, er det berre lov å jakta på flygande fugl over jordbruksareal i aktiv drift, og i tidsrommet kl.04.00 til kl. 10.00.

Frå 26. juli og til ordinær jaktstart 10. august er det lov å jakta i tilknytning til jordbruksareal i aktiv drift i tidsrommet kl. 04.00 til kl. 10.00.

§3

Den tidlege jaktstarten på grågås betyr ikkje noko for det generelle unnataket som gjeld for den frie jakta på ope hav og fjord frå svenskegrensa til og med Vest-Agder. Denne jakta vil som før starta 10. september.

§4

Statsforvaltaren kan oppheva forskrifta dersom utvidinga fører til verknader ein ikkje ynskjer.